

+ KYRKJEHLSING

KYRKJELYDSBLAD FOR ØSTERØY



NR. 5 ADVENT 2010
35. ÅRGANG

**OSTERØY
PRESTEGJELD
TILSETTE/RÅD
OG UTVAL**

Kyrkjekontoret ved Rådhuset
Opningstider: Mån - fre: 08.00 - 15.00
(Måndag er fridag for prestar og organistar)

TLF: 56 19 22 80 FAX: 56 19 22 81
E-MAIL: kyrkje@osteroy.kommune.no
HEIMESIDE: www.osteroy.kyrkja.no

Direkte innval:

| | |
|----------------|-------------|
| Helge Kolstad | 56 19 22 72 |
| Johannes Melve | 56 19 22 82 |
| Inge Sørheim | 56 19 22 83 |
| Liv Skoglund | 56 19 22 84 |
| Kåre Rivenes | 56 19 22 85 |
| Ruth Hauge | 56 19 22 71 |

Prestane:

Sokneprest Johannes Melve, Haus
Tlf: 56 39 00 11 - 92 65 35 21

Sokneprest Inge Sørheim, Hosanger
Tlf: 56 39 26 66 - 90 62 00 46

Kyrkjemusikk:

Kantor Kåre Rivenes - tlf: 56 39 06 26
Organist Liv Skoglund - tlf: 56 39 26 64

Kyrkleg fellesråd:

Leiar: Roger Breivik - 913 82 424
Nestleiar: Jenny Eikeland
John Hundhammer, Otto Mo, Jan Roald Myking,
Wenche Fiskeseth, Inge Sørheim.

Soknerådsleiarar:

Gjerstad: Kari Hauge
Hosanger: Lillian M. Kleppe
Hamre: Olaug Hartveit
Haus: Madli Hannisdal
Bruvik: Wenche Fiskeseth

Kyrkjehelsing redaksjonsnemd:

Redaktør: Kristoffer Foldøy
Tlf: 56 39 45 42 - 476 18 124
E-mail: kristofferfo@gmail.com

Johannes Melve
Hild Breivik
Anne-Mari Hannisdal Haga

Layout: Oda Karoline Foldøy

TRYKK: BODONI



Motivet på framsida av bladet må vera eit av dei mest nytta i den vestlege verda si kunsthistorie. Likevel har bileta av Jesu fødsel ulikskapar som er verd å leggja merke til. Ikkje berre i stil, fargebruk og tekstur, men også i persongalleri og persontolking.

Ser vi på Giotto si framstilling av fødselen i stallen, måla kring 1305, har han delt biletet opp i grupper av menneske og dyr som på ein måte er isolerte frå kvarandre. Øvst ser vi ei englegruppa på stalltaket. To gjetarar ser tilsynelatande med større interesse opp på desse enn på det som hender inne i stallen. I forgrunnen set ein mann i djupe tankar. Det er Josef, som undrar seg over korleis framtida for den vesle familien skal verta. Maria tek i mot Jesusbarnet som tydelegvis har blitt reiva og stelt av ei jordmor etter fødselen. Blikket til Maria og Jesus møtest.

I Bibelen står det ikkje nemnd nokon fødselshjelpar, men vanleg skikk var jo at ei slik var til stades. Oksen og eselet som her er tydelege vitne til hendinga, står heller ikkje nemnd i Bibelen. Men sauene står det om. Ser vi nøye på den vesle saueflokken, er det ein mørk ver der som snur seg bort. Kanskje skal dette dyret representera syndebukken.

Englane og den heilage familien har Giotto utstyrt med gloria. Vi ser at han har måla ein kross inn i Jesus sin glorie, som er ein vanleg måte å merka han ut på. Gjetarane er måla bakfrå, eit nytt grep som Giotto nytta. I stall-konstruksjonen har han endå til gjort bruk av perspektivet, som først vart allment brukt i målarkunsten om lag hundre år seinare.

Giotto var fødd i 1267 på landsbygda utanfor Firenze. Han var son av ein fattig bonde, og gjette sauene då meistermålaren Cimabue kom forbi. Giotto hadde med kritt teikna ein livaktig sau på ein stein, og meistaren vart så imponert at han tilsette gjetaren som læregut i verkstaden sin.

Dette var eit lukkeleg val. Giotto sin nyskapande stil har hatt mykje å seia for all målarkunst seinare.

- Kristoffer Foldøy

Det lyser i stille grender

Andakt ved prost Geir Sørøbø

For nokre år sidan sat eg på eit fly over Europa ein mørk desemberkveld. Det var like før jul. Det var ingen skyer over Europa denne kvelden. Og frå flysetet kunne eg sjå lysa frå dei folketette stadene i Frankrike, Belgia, Nederland og Tyskland. Var det slik Gud såg verda frå sin himmel? Med eit blikk høgt der oppe frå som stirte ned i ei gigantisk mautue med millionar av lys i den mørke kvelden? Brått høyrdie eg ei barnestemme som snudde opp ned på alt. Stemma tilhøyrdie ei jente i 7-8 års alderen. Ho sat i ein 4-5 seterader framfor meg i flyet. Og ho song med høg, klår røyst:

*"Det lyser i stille grender;
av tindrande ljós i kveld,
og tusende barnehender
mot himmelen ljosa held".*

Det vart heilt stilt i flyet. Alle lytta. Jenta song fleire vers. Nokre passasjerar tørka vekk ei tåre. No såg vi ljosa frå Europa på ein annan måte. Bak kvart ljós var eit barn. Vi såg for oss millionar av born på jorda. Lukkelege born. Lidande born. Born i trygge heimar. Born på gata. Mette og sunne born. Utsvelte born. Og så tenkte vi kanskje, vi som sat i flyet: Det er straks jul. Kva vil denne jula bringe til verda sine mange born? Nokre vil få så mange gåver at dei ikkje greier å halde styr på dei. Andre vil oppleve fattigdom. Nokre vil oppleve familiens gode ramme. Andre vil oppleve omsorgssvikt.

Born i denne verda får tildelt så ulik startkapital.


Johannes seier i sitt juleevangelium: "Det sanne ljuset som lyser for kvart menneske, kom no til verda" (1,9). Det er altså noko som er likt for alle born. Det sanne ljuset lyser for dei. Kvifor fekk songen frå jenta i flyet, tårene til å renne. Kanskje fordi hennar song også var songen om Barnet.

*"Songen som etter tonar
Med jubel kvar julenatt,
Om barnet, Guds son vår sonar,
Som døden for evig batt. □*

Dette er Barnet som vi ikkje berre tenner ljós for, men som sjølv er ljuset. Det ljuset som lyser på same måte for alle born, ja, for alle menneske. Når Gud vert lagt i krybba med høy til pute og tek plassen til den fattigaste av dei små, så har alle menneske uansett status fått den same verdi. Den største og den minste deler pute. Guds blikk kjem frå augo som er nær. Guds blikk kjem frå krybba og ikkje frå universet.

Dette jula sitt evangelium og jula sitt ansvar. Av sin store nåde og grenselause kjærleik gjev han det same himmeljos til kvart menneske. Måtte vårt ljós skine slik at alle vi møter får ei velsigna julehøgtid og ei oppleving av å vere verdifulle, betydningfulle og elskaa menneske.

Velsigna julehøgtid.



FOLKEFRELSAR, TIL OSS KOM

-*Historia om den eldste adventsalmen vår og om mannen som skreiv han.*

I ”Norsk salmebok”, den boka vi nyttar i kyrkja, står salmen ”Folkefrelsar, til oss kom” aller først. Det er ganske naturleg ut frå at kyrkjeåret tek til med advent, og salmeboka sin første del er salmar som føl dette årshjulet. Men nummer 1 i salmeboka er også den eldste vi finn i salmesamlinga.


Tekst: Kristoffer Foldøy

Opphaveleg var salmen skriven på latin, og bar tittelen ut frå første linja i teksten slik han også gjer hjå oss.”Veni, redemptor gentium” vart skriven av biskop Ambrosius av Milano som levde mellom 340 og 397. Salmen må ha blitt til medan han var biskop, i perioden frå 375 og utetter. Som på latin har han også i norsk omsetjing sju vers. Opphaveleg hadde Ambrosius eit åttande vers som stod først, ”Intende, qui regis Israel”, men det blei teke bort allereie i mellomalderen.

Vi veit mykje om tekstforfattaren sjølv om det er lenge sidan han levde. Ambrosius vert rekna som ein av dei viktige kyrkjefedrane, som la grunnen for den kyrkjepraksis vi framleis held oss til. I den katolske kyrkja har han også helgenstatus.

Ambrosius var fødd inn i ein adeleg romersk familie, faren var statthaldar for Gallia, inkludert dagens Spania, Nederland og England. Ein reknar med at fødestaden hans var Trier i noverande Tyskland. Han fekk ei kristen oppseding, og flytta i lag med familien tilbake til Roma etter at faren døde. Medan søstera hans gjekk i kloster, utdanna han seg innanfor jus, retorikk (talekunst) og litteratur. Han fekk etter kvart fleire viktige stillingar i staten og blei stasjonert i Milano, som også den gongen var den nest største byen etter Roma i folketal i området vi i dag kallar Italia.

Ambrosius var ein populær og høgt akta mann. Då det skulle veljast ny biskop i Milano, kom det forslag om at han skulle overta embetet. Først sa han nei, han var rett nok kristen men slett ikkje prestelærd. Men sjølvaste keisaren i Roma greip til slutt inn og tilsette han. I kyrkja var det på den tid ein opprivande strid mellom to retningar, og ein såg nok at Ambrosius var den rette mannen til å foreina motsetjingane. Det gjorde han også. Som biskop



Her ser vi ein mosaikk laga på 400-talet som viser Ambrosius. Det finns fleire portrett laga i antikken av han, og på alle ser vi eit mildt og ope andlet, innramma av kort hår og skjegg.

gjekk han over til ei asketisk og enkel livsførsel, og gav bort dei rikdommane han hadde samla seg i romersk teneste.

Bispesetet i Milano var svært viktig. Byen var administrativt sentrum for heile den vestlege delen av romerriket. Ambrosius vakta seg for ikkje å bli del i noko politisk spel, han ville heller ikkje ha noko med den romerske hæren å gjera. Det vekte stor undring då han i 390 våga å anklaga keisar Theodosios for brutal framferd eller folkemord, som vi ville sagt i dag.

Keisaren, som var kristen, fekk ikkje gå til nattverd før han hadde gjort bot for misgjerningane sine. Først ville Theodosios ikkje bry seg med dette, men då Ambrosius ikkje gav etter, enda det etter ei tid med at keisaren gjorde bot framfor alle frammøtte. Han tok av seg dei keisarlege klede og symbol han bar, og første juledag fekk han koma til nattverden etter å ha skrifte syndene sine. Seinare sa Theodosios at Ambrosius var den einaste bispen han visste om som levde etter bispelovnaden.

Ambrosius kjenner vi også fra Augustin sine notater. Det var Ambrosius som døypete Augustin i 386, berre eit halvt år etter at han som skulle bli den største av alle kristne tenkjarar i antikken kom til Milano fra Afrika.

Det er med andre ord ein ruvande skikkelse i kyrkjhistoria som står bak den første salmen i salmeboka vår. Han er den første vi kjenner til som nyttet liturgiske songar og hymne for å nå ut med den kristne bodskapen.

Ambrosius skreiv fleire songar, og vi har ein tekst til av han i salmeboka på nr. 800. Han skreiv også andre ting, til dømes ei katekisme og ei samling med preiker. Han fekk sin siste kvilestad i byen der han var biskop og grava hans er no i kyrkja St. Ambrosius, som er oppkalla etter han. Liket kan ein ennå sjå nede i kyrkjekrypta om ein besøkjer denne kyrkja.

Tonen vi nyttar er også svært gammal. Då Martin Luther sette salmen om frå latin til tysk i 1523, nyttet han same melodien som vi gjer i dag. Norsk språkdrakt fekk salmen i 1905, den omsetjinga var ved Bernt Støylen.

*Folkefrelsar, til oss kom, fødd av møy i
armodsdom!*

*Heile verdi undrast på kvi du såleis
koma må.*

*Herrens under her me ser, ved Guds
Ande dette skjer.*

*Livsens ord frå himmerik, vert i kjøt og
blod oss lik.*

*Utan synd han borene er som all synd
for verdi ber.*

*Han er både Gud og mann, alle folk
han frelsa kan.*

*Frå Gud Fader kom han her, heim til
Gud hans vegar ber,
Ned han for til helheims land, oppfor til
Guds høgre hand.*

*Du som er Gud Fader lik, ver i
vanmakt sigerrrik!*

*Med din guddoms velde kom, styrk oss i
vår armodsdom!*

*Klårt di krubbe skina kan, ljøset nytt i
natti rann,
Naud og natt til ende er, trui alltid
ljøset ser.*

*Lov og takk, du Herre kjær, som til
verdi komen er!*

*Fader god og Ande blid, lov og takk i
evig tid!*



1. rad frå v: Ragnhild Aasheim, Astrid Nordpoll Lone, prest Ingvar Fykse, Margrete Solberg Lone, Ranveig Grytaas Tufta

2. rad frå v: Astrid Njåstad Øvrebø, Bjørg Skår Herøy, Solveig Søgne sand Skjerping, Gunda Ingeborg Koppen Kallestad, Ragnhild Solberg Skaar, Solveig Lone Sunde, Arny Småland

3. rad frå v: Jorunn Dale Bergan, Else Margrete Skjerping Ellingsen, Kirsten Låstad Melchersen, Eivind Låstad, Anbjørg Halland Strømsnes, Hildur Marie Teigland Seim

4. rad frå v: Lars Vevle, Arne Kolbjørn Solberg, Arild Hauge, Knut Riple, Øystein Tyssebotn, Oddvar Gjerstad

Fotograf: Rune Solberg

50-ÅRS KONFIRMANTAR I BRUVIK



1. rad frå v: Ingrid Anlaug Langhelle Jacobsen, sokneprest Inge Sørheim, Kjellaug Marie Fanebust Anthun

2. rad frå v: Terje Stokseth, Erik Hagenes, Kjell Borge, Nils Ingvard Farestveit, Harald Løtveit, Kjell Skaftun

Fotograf: Rune Solberg

50-ÅRS KONFIRMANTAR I HAMRE



1. rad frå v: Inger Johanne Fjelde Børdal, Vigids Bøe, Svanhild Rusten, sokneprest Inge Sørheim, Solveig Karin Heggernes, Anne Lise Ludvigsen

2. rad frå v: Astrid Bjørg Boge, Gullbjørg Rundhovde Rosseland, Berit Skaar, Else Mjelde, Kari Brekke, Gunvor Haldis Nottveit, Turid Stenfeldt, Ester Leikvoll, Britt Hageseter

3 rad frå v: Ingeborg Angelskår, Karin Drange, Helge Martin Reigstad, Einar Birkeland, Ingvar Tvedt, Ivar Elvik, Ann-Mari Øksnes, Anne Lise Fyllingen

4. rad frå v: Per Fredrik Borge, Willy Vedå, Kjell Ulf Ågotnes, Hallvard Eikanger, Terje Mjelde, Øystein Tveiten, Kolbjørn Valestrand, Jarle Ingvar Eikeland

Fotograf Rune Solberg

50-ÅRS KONFIRMANTAR I HOSANGER



1. rad frå v: Vivian Vetås, Aud Bjørge, sokneprest Inge Sørheim, Randi Flotve, Bjørg Espenvoll

2. rad frå v: Karin Tordis Haugland, Grethe Hollevik Aune, Eli Sissel Vetås, Signe Røslund, Målfrid Njåstad, Bjørg Tellevik

3. rad frå v: Steinar Tysse, Einar Hærø, Anfinn Lavik, Asbjørn Eidsheim, Agnar Karsten Mjøs, Trond Hole, Knut Egil Namdal

4. rad frå v: Tormod Andreas Hanstveit, Odd Magnar Toft, Ivar Eidsheim, Knut Grinde, Øystein Fossdal, Gunnstein Husdal

Fotograf: Rune Solberg



Bak frå v: Bjørg Skaare, Reidar Kvam, Kåre Veseth, Olav Nesthus, Inger Solheim Bjørsvik, Kari Berit Stokke, Marit Veseth Hønsi.

Framme frå v: Vigdis Trengreid Skulstad, Annbjørg Storebø, Per Inge Eide, Astrid Veseth Hobrad, Mary Nessestrand.

Fotograf Storebø

HAR DU LAGT NOKO ATT ETTER DEG I KYRKJA?



Slikt ein finn attgløymt i kyrkjene vert no samla på kyrkjekontoret i Lonevåg og kan etterspørjast der.

Slekters gang

Døypte:

Bruvik

12.09.10 Sara Revheim

14.11.10 Leah Holm Johanson

Haus

03.10.10 Sarah Osiris Wendel

03.10.10 Markus Johannes Torp

07.11.10 Magnus Dyvik

Gjerstad

31.10.10 Odin Lone Bernes

06.11.10 Jostein Vassdal Tveiterås

14.11.10 Viljar Reigstad Njåstad

Hamre

19.09.10 Leona Bø

19.09.10 Tiril Solberg Ådland

03.10.10 Mariel Helland

03.10.10 Marilèn Tveit

03.10.10 Oliver Hanstveit Nygård

03.10.10 Eirik Hundhammer Lilletvedt

03.10.10 Jonatan Fotland Borge (Busett Bergen)

03.10.10 Ole Håland (Busett Bergen)

24.10.10 Sunniva Skaar Andersen

Vigde:

Gjerstad

18.09.10 Berit Hjelmås og Bernt Iben Fossbakken

Gravlagde:

Bruvik

08.10.10 Inger J. Synsvoll (f.1918)

Haus

28.10.10 Ingeborg D. Steinsland (f.1914)

28.10.10 Anne Lise Ådland (f.1926) Bisett

25.11.10 Ivar Namtvedt (f.1929)

Gjerstad

12.10. Ivar J. Tyssebotn (f.1942)

11.11. Steinar Hatland (f.1915)

Hosanger

17.09. Arvid Mjøs (f.1935)

07.10. Aasmund Tveiten (f.1912)

12.11. Jenny Orlaug Tysse (f.1951)

16.11. Olav Myrtveit Fotland (f.1920)

Hamre

24.09.10 Margunn Romslo (f.1929)
(Busett Indre Arna)

19.10.10 Odd Reigstad (f.1921)

19.11.10 Atle Bjørsvik (f.1935)

KYRKJELYDSHUSBASAREN I HAUS

Basaren 23. oktober, til inntekt for Haus kyrkjelydshus, vart ei fin oppleving. Huset vart fylt til trengsel. Dei nye årene med eitt nummer pr år, gjekk raskt unna. Nummertrekningane vart overførte via datamaskin til den nye storskjermen i same sekund som trekninga fann stad. Ei ekstra barnetrekinga samla nesten 40 born, og vekttipping av ei hjortesteik gav nesten 1000 kr i kassen! Sluttresultatet der også førehandssalget på basarbøker var med, kom opp i heile 72 000 kroner! Dette var ny, solid rekord.

Tekst: Kjell Bjørsvik

Husstyret som står for basaren, etter at kyrkjelaget vart lagt ned, takkar bygdefolket i Haus sokn, og vidare utover, fordi dei støttar saka så sterkt. Så og seia alle som fekk vitjing på dørene på førehand, kjøpte lodd, og som regel mykje lodd. Mange einskildpersonar, også utanfor Haus sokn, kom med fine og verdfulle gevinstar slik at det vart bort i mot 40 gevinstar på kvar av dei fire åretrekningane! Fleire flotte tilleggsgevinstar vart også trekte på basarbøkene. Alle vinnarane er oppspora og gevinstane er komne vel fram. Det er oppmuntrande å driva basaren når sympatiene og iveren er så stor.

Stor stas var det å få møta Agnar Mostrøm med sine gode forteljarevner og sin vakre song, til tonar han stort sett hadde komponert sjølv. Tekstane av Martin Votlo vart som heilt nye.

Stor stas var det også at tidlegare sokneprest Per Inge Eide fann vegen tilbake til soknet. Han held ein tankevekkande og god andakt for oss.

Fleire tekniske nyvinningar var på plass til denne basaren. Det gjeld miksestasjon, ein god talehøgtalar, videokanon, elektrisk styrt lerret og ikkje minst teleslynge som dei hørselshemma fekk nytta godt av. Teleslynga vart finansiert av minnegåva etter Knut J. Mjelde, og enka etter han, Laila Mjelde, fekk æra av å kopla den til i starten av basaren. Resten av den nye teknikken er finansiert mellom anna av basarinntekter frå året før, og gjennom eit solid tilskot på 15 000 frå Sparebanken Vest.

Kyrkjelydshuset står framfor fleire større utgifter også i året og åra som ligg framfor. Det gjer at dei 72000 og basarinntekter i åra som ligg framfor, vil koma vel med.

Styret for huset vil takka alle som medverka med loddkjøp og loddsal, dei som gav gevinstar, dei som ordna med at det vart nok kaker, kaffi, te og saft til alle, dei som styrte med all teknikken, og som stelte til salen og rydda etterpå, og dei som talde pengar og selde årar under basaren, dei som held orden på gevinstane under basaren, alle borna som bar gevinstane rundt i salen, og sist men ikkje minst rettar vi takk til Eide og Mostrøm som medverka så fint i programmet.

I husstyret


Nils Lygre, leiar

Kristine Aasheim, Ståle Daltveit, Fred Ove Vatle

Mona L Mostrøm, Kjell Bjørsvik



Bli med på SONGHELG med Per Oddvar Hildre 1.- 3. april 2011!



Me i koret **"Te Deum"** i Ostereidet kyrkje har glede av å invitere alle songglade med på seminar med Per Oddvar Hildre. Han er kjend frå m.a koret SKRUK og fekk nyleg Korprisen 2010. Per Oddvar er kjend for å vere særslig inspirerande og full av smittande songglede.

Innimellan reiser rundt om i verda og i Noreg, har me altså vore så heldige og fått han til å gjere eit stopp i Nordhordland – nærmare bestemt på **Dyrkolbotn Fjellstove**.

Det me lærer denne helga skal me framføre på konser i **Johanneskyrkja i Bergen søndag 3. april**. Då satsar me på vere eit stort kor, på 60 songarar+.

Har du lyst til å vere med?

- Songhelga er open for alle som er glad i å synge, kor eller einskildpersonar.
- Varierte songar: gospel, folketonar mm
- Stad: Dyrkolbotn Fjellstove og konsert i Johanneskirken i Bergen.

Meld di interesse så snart som råd, slik at me i komiteen kan arbeide vidare med planlegginga.

Ring, send epost eller SMS, så får du meir info:

Unni Midtgård: 94220505

Ingvar Aasgard: 47351315

Epost: Unnimidt@online.no

Om Te Deum:

Me er ein songglad gjeng i alderen 16-60 år som syng ulike typar songar. Me øver i Ostereidet Kyrkje annankvar onsdag frå kl 19 -21.

Velkommen!





DEN NORSKE KYRKJA

Osterøy prestegjeld

DESEMBER

2. sundag i advent, 5. desember 2010:

Hamre kl. 17: Lysmesse. Sørheim.

Gjerstad kl.18: Lysmesse. Dåp. Monsen.

Hosanger kl.20: Lysmesse. Dåp. Sørheim.

3. sundag i advent, 12. desember 2010:

Gjerstad kl.11: Høgmesse. Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Bruvik kl.17: Lysmesse og julekonsert. Monsen.
Kollekt til medverkande musikantar.

4. sundag i advent, 19. desember 2010:

Hosanger kl.17: Gudsteneste/Vi syng jula inn.
Sørheim. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Fotlands-
våg musikklag.

Julaften, 24. desember 2010: Luk 2,1-14 Mi 5,1-4a

Bruvik kl.12.30: Familiegudsteneste. Takkoffer
til Kirkens SOS.

Hosanger kl.14: Familiegudsteneste. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.

Gjerstad kl.14.30: Familiegudsteneste. Takkoffer
til Kirkens Nødhjelp.

Haus kl.16: Familiegudsteneste. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.

Hamre kl.16: Familiegudsteneste. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.

Juledag, 25. desember 2010: Joh 1,1-14 Jes 9,2-3.6-7; Hebr 1,1-5a

Haus kl.11: Høgtidsgudsteneste. Monsen.
Takkoffer til NMS.

Hamre kl.12: Høgtidsgudsteneste. Sørheim.
Takkoffer til NMS.

2. juledag (Stefanusdagen), 26. desember 2010:

Gjerstad kl.11: Felles høgtidsgudsteneste.
Monsen. Osterøy kyrkjekor.
Takkoffer til NMS.

Nyttårsaften, 31. desember 2010:

Hosanger kl. 23:15: Midnattsmesse. Monsen.

JANUAR

Kristi openberringsdag, 2. januar 2011: Matt 2,1-12 Jes 60,1-6; Ef 3,1-6

Haus kl 11 Høgmesse. Nattverd. Monsen.

1. s. e. Kristi openberringsdag, 9. januar 2011:

Matt 3,13-17; Jes 42,1-4; Kol 1,15-20

Hamre kl 11 Høgmesse. Monsen. Nattverd.

2. s. e. Kristi openberringsdag, 16. januar 2011:

Joh 2,1-11; 2. Mos 33,18-23; Tit 2,11-14

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til Senter for voldtatte kvinner.

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Dåp. Nattverd.
Sørheim. Takkoffer til Det Norske Bibelselskap.

3. s. e. Kristi openberringsdag, 23. januar 2011:

Joh 4,46-54; 2. Kong 5,1-5.9-15; Rom 1,16-17

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Haus kl 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

4. s. e. Kristi openberringsdag, 30. januar 2011:

Matt 8,23-27; Jes 40,27-31; 2. Kor. 1,8-11

Hosanger kl. 11: Høgmesse. Nattverd.
Utdeling av Godt Nytt til 11-åringane.
Sørheim.

FEBRUAR

5. s. e. Kristi openberringsdag, 6. februar 2011:

Matt 13,24-30; Sal 37,1-7; Kol 3,12-17

Bruvik kl 11: Familiegudsteneste. Dåp. Godt nytt til
11-åringane. Takkoffer til kyrljelydsarbeidet.

Gjerstad kl 16: Familiegudsteneste. Godt nytt til 11-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Vingårdssundagen, 13. februar 2011: Matt 20,1-16 Jer 9,23-24; 1 Kor 9,24-27

Hosanger kl 11: Høgmesse. Sørheim.

Såmannssundagen, 20. februar 2011: Luk 8,4-15

Jes 55,10-11; 1 Kor 1,20-25

Hamre kl 11: Familiegudsteneste. Godt nytt til 11-åringane. Sørheim.

Haus kl 11: Familiegudsteneste. Godt nytt til 11-åringane. Monsen.

Felleskyrkjeleg bibeldagsarrangement på kveldstid?

Kristi forklæringsdag, 27. februar 2011: Matt 17,1-9; 2 Mos 34,27-35; Åp 1,9-18

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.

Takkoffer til Norges Kristelige Student- og skoleungdomslag.

MARS

Sundag før faste (Fastelavnssundag), 6. mars 2011: Luk 18,31-43 Jes 52,13-15; 1 Kor 13,1-13

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd. Sørheim.

Oskeonsdag, 9. mars 2011: * 1. Joh 3,18-24; Jes 58,5-9; Matt 6,16-18

Haus kl 19: Fastegudsteneste. Monsen.

1. sundag i faste, 13. mars 2011: Matt 4,1-11 1; Mos 2,8-9 og 3,1-19; Hebr 4,14-16

Hamre kl 11: Høgmesse. Nattverd.

2. sundag i faste, 20. mars 2011: Matt 15,21-28; 1. Mos 32,24-30; 2. Kor 6,1-10

Gjerstad kl 11: Høgmesse. Nattverd. Monsen.
Takkoffer til Åpne Dører.

24. mars 2011:

Gjerstad kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

Hosanger kveldstid Samtalegudsteneste. Sørheim.

Maria bodskapsdag, 27. mars 2011: Luk 1,26-38;

Jes 7,10-14; Rom 8,1-4

Bruvik kl 11: Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Redd Barna.

Hosanger kl 11: Høgmesse. Nattverd.

29. mars 2011:

Bruvik kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

31. mars 2011:

Haus kveldstid: Samtalegudsteneste. Monsen.

Hamre kveldstid: Samtalegudsteneste. Sørheim.

JULEKONSERTAR



Sundag 12/12-2010

Bruvik kl 17: Lysmesse og julekonsert. Fungerande sokneprest Rolf Eivind Monsen, kantor Kåre Rivenes, konfirmantane, Haus musikklag og "Kor for ikke". Kollekt til medverkande musikantar.

Gjerstad kl 20: Julekonsert. Osterøy janitsjar, Osterøykoret, kantor Kåre Rivenes, fungerande sokneprest Rolf Eivind Monsen. Tilskipar Osterøy janitsjar i samarbeid med soknerådet.

Onsdag 15/12-2010

Hamre kl 19: Julekonsert. Hamre/Hjellvik musikklag, Valestrand musikklag, kammergruppa Reppen, Jan-Erik Endresen, Åse Solvi, barnekor fra Osterøy musikkskule. Tilskipar Kammergruppa Reppen i samarbeid med soknerådet.

Fredag 17/12-2010

Haus kl 19: Julekonsert. Osterøy felleskorps, Arna kyrkjes kammerkor, kantor Kåre Rivenes, Haus musikklag. Sokneprest i Arna Jan Kåre Jakobsen. Tilskipar er Haus musikklag i samarbeid med soknerådet.

Sundag 19/12-2010

Hosanger kl 17: Gudsteneste/Vi syng julalåt inn. Sokneprest Inge Sørheim. Fotlandsråvåg musikklag. The Ritz Band. Kyrkjekaffi etterpå.

NY SOKNEPREST FOR HAUS, BRUVIK OG GJERSTAD

Tom Sverre Tomren heiter vår nye sokneprest. Han er 44 år gammal, er gift med Trude og dei har fire born: Marianne 13, Pauline 11, Sunniva 9 og Kristin 6 år.

I skrivande stund er dei enno i Kamerun som misjonærar. Tom Sverre jobbar der som høgskulelektor ved det Lutherske teologiske Instituttet. Han er og studieinspektør ved samme institusjon.

I dei stillingane han har hatt, har arbeid med born og unge vore det som har oppteke han sterkest. Han er elles oppetenken av kyrkjelydsarbeid i det heile, samt misjon og bistand. Me ser fram til at store og små skal få del i dette.

Litt om kva han har av erfaring: Tom Sverre Tomren har studie i tegnspråk og er tilknytt Døvekyrkja.

Han har arbeidd som allmennlærar, lektor, kapellan og sokneprest. Og så brenn han for miljøet. Han var initiativtakar, grunnleggjar og første leiar av «Kirkelig nettverk for miljø og rettferd», og deltok under Kyoto-forhandlingane som utsending frå Mellomkirkelig råd i Kyrkja den Norske.

Han er redaktør og skribent av bøkene Grønn postill (Verbum 2001) og Økoteologi (Tapir 2006). Han seier familien har mange tankar og spørsmål om Osterøy, men det lyt venta til våren sidan arbeidet i Kamerun krev merksemda no.

Tom Sverre Tomren tek til i stillinga ca. 1.august 2011, og me gler oss til å verta kjende med han og familien.

Dei er hjarteleg velkomne!

Stor takk

til alle som støtta oss ved kjøp av lodd på bøkene, laga gevinstar og ikkje minst kom på basaren vår i Fitje bedehus 9. oktober.

Det kom inn kr **48 300**. Pengane gjekk til Fitje bedehus og SOS barnebyer.

Helsing Låstad kvinneforening



SOS-barnebyer

REMA 1000

5282 Lonevåg | 56 39 22 30

 BLINK HUS

Helge Rød as

BLINK HUS Helge Rød | 5281 Valestrandsfossen
www.helgerod.no | Tlf: 56 19 37 00 | Mob: 45 24 54 85

DER GODTFOLK TREFFES
OSTERØYKROA
56193434



YX Osterøy Servicesenter
5281 Valestrandsfossen
56 39 41 86

Revheim Gravferdshjelp

Telefon: 56 39 21 73
Revheim
5282 Lonevåg



SparebankenVest
- satsar på Vestlandet

TOTALLEVERANDØR AV
ELEKTROINTALLASJONER

AUTORISERT EL- OG TELEINSTALLATØR

Thunestvedt

Bergen 55 39 19 00 | Osterøy 56 19 39 00
www.thunestvedt.no

FjordSlottet



HOTELL & BAD

www.fjordslottet.no | 5283 Fotlandsvåg | Tlf: 56 39 50 90

Vevle Mekaniske Verkstad

Telefon: 56 39 26 75
Epost: a-bjvev@online.no
5282 Lonevåg

TAKK FOR STØTTA
FRÅ SPONSORANE VÅRE!

DET ER HYGGJELEG

at så mange tek kontakt og kommenterer innhaldet i kyrkjebladet. Vi har gjort ei lita endring i oppsettet på ”Slekters gang” frå og med dette nummeret, ei litt anna redigering enn før som vi trur er meir oversiktleg enn slik vi gjorde det tidlegare.

Ei som har kontakta meg, heiter Brita Rivenes. I telefonen las ho opp eit dikt ho hadde skrive, og slik er det:

*Min gode heim,
mi fagre og mi vakre øy, vår Osterøy.
Her vil eg bu, her vil eg døy.*

*Når dagen går mot aftan-tid
klokka stoppar, hjarta vert tungt og trøytt*

*Då heimatt fara og kvila i ditt andlet, Far.
Hjå mor og far, ved Haus kyrkje, på Osterøy.*



Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefond 815 33 300

SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

ADVENT

Vi er inne i adventstida og eit nytt år har teke til i kyrkja. Då eg las gjennom bakgrunnstoffet til artikkelen om salmediktaren Ambrosius, såg eg at han hadde innført seks søndagar i advent på slutten av 300 – talet. Første søndag i advent var då den som kom næraast etter 11.11, minnedagen til den heilage Martin. Vi er vel godt nøgde med fire.

Kyrkjeheising vil ønskja lesarane lukke til med adventstida, og ei fredeleg jul når vi kjem så langt. Stoff til neste nummer må vera avlevert innan

20.02.2011

Redaktør: Kristoffer Foldøy, 5281 Valestrandsfossen.
E-mail: kristofferfo@gmail.com